

## **Referat frå elevrådsmøte fredag 24.01.2020**

Spildepollen skule sitt første elevrådsmøte!

1. ingen
2. Møtte ikkje
3. Agnes og Victoria
4. Mia og Ådne
5. Emily og Felix
6. Chrisander og Adrian
7. Mons Erik og Elina

Me skal vere snille med kvarandre og følgje skulen sitt ordensreglement.

Me ynskjer kantine. Alle årsstega vil gjerne hjelpe til med kantina. Dette bør gå på omgang. Rektor tek dette opp med lærarane.

Elevane ynskjer trivselsleiarar. Rektor tek dette opp med lærarane.

Elevane ynskjer ordenskonkurranse! Kven har dei ryddigaste læringsareala og garderobane? Reinhardarane kan vere med å kåre vinnarane etter nokre veker. Rektor lager til. Premien skal vere ei oppleving som vinnarane planlegg med kontaktlærarane. Opplevinga må vare minst ein halv dag! Rektor set i gang dette.

Sparkesyklane må vere lov å bruke i alle friminutt!

Ynskjer sjakkspeling i friminutta. Rektor skal sjå på dette. Kanskje trivselsleiarane kan ha dette?

Konkurranse og turneringar i hallen. Ynskjer kanonball, sjakk, klatring, kort, volleyball, innbandy. Rektor snakkar med gymlærarane om dette.

Ynskjer aktivitetsdagar for heile skulen der me bruker t.d. turløypa. Ompliade, påskeløp, fotballturnering på kunstgrasbana, sjøleik, talentkonkurranse. Dette må me prøve å få inn i eit årshjul. Rektor diskuterer med lærarane.

Ynskjer å få tene opp fordelskort. Rektor skal diskutere med dei andre leiarane og lærarane.

Ynskjer klasseballar. Rektor kjøper inn. Desse må takast vare på!

Dei vaksne som har inspeksjon må observere betre! Bry seg meir!

Elevråd skal vere ein gong i månaden.

Linda Selheim (referent)

